



## ÅRSMØTE 2015

Måndag den 30.november 2015 kl. 19:00  
Stad: Comfort Hotel, Markegata.

### SAKLISTE

- 1) Godkjenning av innkalling
- 2) Godkjenning av sakliste
- 3) Val av møteleiar
- 4) Val av to møtesekretærar
- 5) Val av to til å skrive under møteprotokollen
- 6) Godkjenning av Årsmelding for 2015
- 7) Godkjenning av Rekneskap for 2015
- 8) Val av:
  - a) – leiar
  - b) - tre styremedlemmar
  - c) - to varamedlemmar
  - d) - revisor
  - e) - to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte
  - f) - 1 medlem til valnemnda
- 9) Val av nestleiar:
  - a) Veljast blant styret sine medlemmar.
- 10) Innkomne saker:
  - a) Ingen saker
- 11) Handlingsplan og turar for 2016
  - a) Sjå saksvedlegg side 11
- 12) Fastsetting av losji prisar for 2016  
Forslag til vedtak:  
Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene
- 13) Fastsetting av turavgift for 2016
  - a) Sjå saksvedlegg side 13
- 14) Godkjenning av budsjett for 2016
  - a) Sjå saksvedlegg side 14

Styret i Sogn og Fjordane Turlag vil vere representert med styremeldlem Ragna Renna. Renna er og styreledar i Indre Sunnfjord Turlag og etter årsmøte vil ho fortelje om IST og deira aktivert.

Vi vil og få besök av mor/ dotter Signe Nordvik og Kari Nordvik Hauge. Dei vil fortelje oss om sykkelturen sin frå Lindesnes til Nordkapp og sine opplevingar på den spennande reisa.

Vel møtt!

Siv Merete Stadheim/ styreledar.

# FLORA TURLAG



## ÅRSMELDING 2015



Flora Turlag (FT) er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag (SFT) som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforeining (DNT). Flora Turlag sitt medlemsområde er Flora kommune. Flora Turlag utøvar sitt arbeid i Flora kommune og tilliggjande fjellområde, særleg Ålfotbreområdet.

Formålet er å være den leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig, og naturvennleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Flora Turlag har 4 ubetjente hytter. Alle hyttene er ubetjent d.v.s. dei er utan proviant, men dei er utstyrt med dyner, puter og kokeutstyr.

Flora Turlag arrangerer fellesturar og kurs.

Turlaget legg og til rette for merking av nokre turområder.

Flora Turlag gir uttale i naturvernsaker og til kommunale planar.

## **STYRET 2015**

Leiar: Siv Merete Stadheim – (på val)  
Nestleiar/Styremedlem: Knut Broberg – (ikkje på val)  
Styremedlem: Sara Ytreøy – ( ikkje på val )  
Styremedlem: Espen Skalle – (på val)  
Styremedlem: Kjetil Tveranger – (på val)  
Kasserar: Ane Eliassen – (på val)

Varamedlem: Roger Bareksten – (på val)  
Varamedlem: Arnfrid Bergheim– (på val)


Revisor: Alvar Melvær – (på val)

Valnemnd: Dag Eliassen – (ikkje på val )  
Siri Stavang – (ikkje på val)  
Kjell Hillersøy - (på val )

## **MEDLEMSUTVIKLING**

Medlemstal per 15.10.2015: 672. Om lag 11,3% auke frå 2014.  
Det tilsvavar omlag 5 % av Flora kommune sine innbyggjarar.

Medlemmar	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Hovudmedlemmer	372	341	311	300	290	271	245	224	210	208	202
Husstandsmedlemmer	127	112	103	93	88	70	62	62	65	58	60
Student-/skolemedlemmer	42	37	33	35	37	11	29	17	13	14	13
Honnørmedlemmer	50	45	42	39	34	32	18	14	17	18	21
Barnemedlemmer	75	63	44	51	46	39	33	27	21	11	8
Livsvarige medlemmer	6	6	7	7	7	7	6	6	4	4	3
<b>Totalt</b>	<b>672</b>	<b>604</b>	<b>540</b>	<b>525</b>	<b>502</b>	<b>456</b>	<b>393</b>	<b>350</b>	<b>330</b>	<b>313</b>	<b>307</b>



Vi har 3 æresmedlemmar Astrid B. Eliassen, Arne Grov og Kjartan Tveranger

## **MØTER/REPRESENTASJON**

### **Flora Turlag:**

Styret har hatt 6 møter, og hovedfokuset har vore å jobbe i tråd med handlingsplanen som årsmøte godkjente for 2015.

2015 har vore Friluftslivets år, og opning av det vart markert på Brandsøyåsen 13.januar saman med moa ordførar, folkehelsekoordinator, Jeger- og fiskeforbundet samt speidarane i Flora.

Vi har hatt turprogramkveld for helgaturar og tysdags- og onsdagsturar.

Turlaget har fått tildelt Gjensidigemiddlar i eit samarbeid med folkehelsekoordinator, Flora kommune m.fl. Det har vore fleire samarbeidsmøter mellom samarbeidspartane. Turlaget har bidrege inn i prosjekt med bestilling av skilt samt gått opp trasear.

Det har og vore eit stort samarbeidsprosjekt mellom kommunen og frivillige frå turlaget i samband med oppgraderinga av stinettet i Brandsøyåsen. Svært mange dugnadstimar er lagt ned i dette arbeidet.

Det har og vore lagt ned ein stor innsats på og legge turar i Flora på UT.no. Det er til no registrert 125 turuskildringar av Flora Turlag.

Det vart arrangert 3 timars førstehjelpskurs i regi av Røde kors med 11 deltagarar.

Sommaren 2015 vart det etablert eit samarbeid med Fjordkysten ( turistinformasjonen) der dei og marknadsfører tuttilboda våre, låner ut nøkkelen til Kinn samt gir generell turinformasjon.

### **Sogn og Fjordane Turlag:**

Årsmøtet Sogn og Fjordane Turlag på Skei: Siv Merete Stadheim og Arnfrid Bergheim.

Fellesmøtet Sogn og Fjordane Turlag på Selje: Astrid B. Eliassen, Arnfrid Bergheim, Hilde B. Reksten og Iselin Tvengen.

### **DNT:**

Astrid B. Eliassen, Sara Marie Ytreøy og Arnfrid Bergheim har delteke på nettbassert kurs om nye Sherpa. Flora Turlag har og etablert ny heimeside for turlaget.

## **TURAR/PROFILERING/AKTIVITETAR**

	2015	2014	2013	2012	2011
<b>Totalt tal avvikla turar/arrangement inkl. BT-turar og tysdags- og onsdagsturar</b>	<b>109</b>	136	91	99	58
Av disse:					
• Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	<b>11 (8 avlyst)</b>	47 (15 avlyst)	18 ( 8 avlyst)	11 (19 avlyst)	12 (17)
• BT arrangement	<b>14</b>	10	9 (1 avlyst)	6 (4 avlyst)	13 (5)
• Tysdag og onsdagsturar	<b>40 (2 avlyst)</b>	39 (3 avlyst)	42 (5 avlyst)	35 (2 avlyst)	33 (3)
• Seniorgruppa (torsdag)	<b>40</b>	37	18	32	

• FHF turar/kurs/arr	4	21	4	15 (2 avlyst)	
• Deltakere:					
<b>Vaksne helgaturar/BT</b>	<b>172</b>	554/46	188/429	602	<b>577</b>
<b>BT – Barn Turlag</b>	<b>1175</b>	1150 b/v*	15/447	493	284
<b>OPPTUR</b>	<b>170</b>	170	170	170	160
<b>Tysdag- og onsdagsturar</b>	<b>368</b> <b>(derav 7 barn)</b>	405 (7 barn)	453 (14 barn)	693	625
<b>Torsdagstur/ Seniorggr.</b>	<b>344</b>	274	126	256	
<b>FHF</b>	<b>21</b>	21	31	116	
<b>Totalt</b>	<b>2250</b>	2627	1873	2330***	1646

\*\*\* i disse tala ligg det 500 deltagarar (300 born og 200 vaksne) som deltok på KOM DEG UT KYSTDAGEN som var ein del av 4H sin Kystdag ved Kystmuseet. Ein ser at sjølv om ein trekke dei tala heilt ut kjem ein likevel ut med eit bra tal deltagarar for 2012: 1 830. Tala er justert etter årsmøtet då ein oppdaga at det var ein feil i summeringa i Excelfila som låg til grunn for tala.

Vi hadde turar/arrangement i SFT programmet inkl BT arrangement og FHF arrangement (utanom tysdags-, onsdag- og torsdagsturar).

Turane har vore gjort kjent på heimesida til Flora Turlag –, <https://flora.dnt.no/>, samt via facebook. Kvar veke vert det sendt ut e-post om den kommande veka sin aktivitet.

Det har og vert jobba svært systematisk med og legge ut kort rapport og eit par bilder i etterkant av gjennomført tur.

Turane har som vanleg vore i SFT sitt Turprogram som vert sendt til heile fylket i februar. Flora Turlag var og omtalt i turavisa til Sogn og Fjordane Turlag som også går til alle husstandar i Sogn og Fjordane.

### **Barnas Turlag:**

**Tal turar/arrangement: 14**

**Deltakarar: 1175**

Aktiviteten i BT har vore meget god i år. BT har i år starta med ettermiddagsarrangement i nærområda. Dette har vore eit svært populært tiltak der mellom anna ettermiddagsturen i Røvarhillaren i januar samla ca 200 deltagarar. BT har og hatt arrangement i Eikefjord og stølsdagen på Midbøstølen.

### **Kom deg ut dagar- BT .**

Kom deg ut-dagen er ein nasjonal turdag i regi av DNT. Dagen skal styrke kjennskapen til turlaget sitt kjernetilbod og gjennom det auke deltakinga i friluftsliv blant alle aldersgrupper.

### **Kom deg ut-dagen – vinter.**

Det vart arrangert skidag på Humlestølen med 400 deltagarar. Eit flott arrangement med mange unge lovande skiløparar.

### **Kom deg ut dagen-haust.**

Denne dagen fell alltid på same dag som 4H sin Kystdag på Kystmuseet men i år var vi ikkje med på dette. BT hadde heller ein spennande overnattingstur ved Storevatnet i Nordalsfjorden.

### **Opptur:**

Flora Turlag og DNT skipa for 10. gang til OPPTUR for 8. klassingar. Det var om lag 170 8. klassingar på Brandsøyåsen denne dagen. I høve 10 års jubileet var ordfører, folkehelsekoordinator og styreledar med på arrangementet på toppen av åsen. DNT luer var delt ut til kommunen sine representantar samt til rektorar ved Eikefjord og Flora ungdomsskule. Dagleg ledar ved Sogn og Fjordane Turlag var og tilstades under arrangementet.

Seniorgruppa delte ut frukt ved Torvmyrane skule. Flora Vidaregåande skule hadde aktivitetar ved Storevatnet mellom anna natursti.

Turlaget sine eldsjeler bak Opptur fekk og ei påskjøning for innsatsen.

#### **Tysdags og onsdagsturar:**

**Tal turar:** Oppsatt 41 turar og 2 av desse vart avlyste.

**Deltakarar:** 368 vaksne og 7 barn.

Også i år har vi hatt turar både tysdag og onsdag frå slutten av april til ut september. Nokre av turane har vore tematurar. Turen til Store Batalden i juli var den turen som hadde flest deltakarar med 25 stk. Deretter kom Endestadnipa saman med IST og Grønenga, begge turane med 22 deltakarar.

Astrid Breiland Eliassen, Signe Nordvik og Marit Linda Espeseth hatt ansvaret for midtveketurane i år.

Det var invitert til informasjonsmøte om turane i mars og der gjennomførte vi trekning av premier for dei som har vore med på tirs/onsdagsturane, torsdagsturane og turboka på Brandsøyåsen.

#### **Seniorgruppa/ torsdagsturen:**

Ganglaget ble starta som et samarbeid mellom Turlaget og Pensjonistlaget for 3 år sidan.

Seniorgruppa har gjennom året kalla seg torsdagsturen. Dette tilbodet er for dei som har moglegheit til å gå på tur på dagtid. Denne aktiviteten har vore svært populær og i 2015. Heile 344 personar har vore med på tur i år! Gruppa følgjer skuleåret for sin aktivitet og har ikkje avlyst ein tur.

#### **Flora Hav og fjellsportsgruppa:**

Leiar: Terje Grøneng

Medlemmer: Kolbjørn Nesje Nybø, Anders Espeseth og Kjetil Høidal

Gjennom FHF ønskjer Flora Turlag å auke aktiviteten innan tradisjonell fjellsport og der igjennom å tiltrekke oss nye målgrupper generelt og ungdom spesielt.

Gruppa arrangert 2 grunnkurs havpadling samt 1 grunnkurs i brevandring. I tillegg vart det arrangert skitur til Børa.

#### **Sikkerheit:**

0 avviksmeldingar frå turar 2015.

Det er utarbeida beredskapsplanar for Flora Turlag.

#### **Merkenemd:**

Astrid Breiland Eliassen, Dag Eliassen og Jofrid Sundal

Informasjonstavla på Hope kom opp hausten 2015 og det er satt opp toalett på parkeringsplassen.

Det er forteke gjennomgang av stien til Blåbrebu, men på grunn av mykje snø vart prosjektet forsinka. Det vert arbeida med informasjonstavler for Ålfotbre-området. Turomtaler til Blåbrebu og Gjegnabu og området rundt vil bli lagt på hyttene.

Ein har og jobba ein del med førebuing til merkeprosjektet med Gjensidige-midlane. Astrid Breiland Eliassen er turlaget sin representant i arbeidsgruppa som er oppretta for prosjektet. Skilta frå sentrum - over Storeåsen, frå sentrum via Havhesten/ Kleiva til Sørstand er tilnærma ferdigstilt. Frå Havhesen skal det merkast vidare til Brandsøyåsen og dette prosjektet vert sett

i samanheng med oppgradering av stinettet i Brandsøyåsen. «Her er du no» skilta er snart ferdige for prosjektet.

## **TURBØKER**

Turlaget har 15 turbøker plasser i kasser sponsa av lokalt næringsliv.

Brandsøyåsen – er det best besøkte turmålet med ca 40 000, og dette turmålet viser ein stor framgang frå 2014. Vi antar at oppgraderinga av stinettet er årsaken til denne flotte auken.

Turbøker	Antall 2015	Antall 2014
Brandsøyåsen	39 980	34 846
Terdalskeipen	809	685
Haukånipa	185	334
Klauekeipen	297	297
Hatlesetnipa	2 454	2 657
Slettevarden	143	109
Batalden	603	672
Uførefjellet	894	1 443
Middagsnipa	63	17
Snøfjellet	105	105
Hovlandsstølen	3 528	5 130
Stølsvatnet	188	
Høydalsnipa	216	216
Flatenipa	138	171
Endestadnipa	177	134
<b>Totalt</b>	<b>49 780</b>	<b>46 816</b>

## **Turtrimmen**

Turtrimmen er eit samarbeid med Flora Kommune.

## **SAMARBEID**

På tysdags og onsdagsturane våre har vi veldig ofte med oss lokale kjentfolk. Mange tek kontakt og ønskjer at turlaget skal gå tur i deira nærområde.

Florø Skyssbåt AS er ein god samarbeidspart i samband med leige av båt til dei mange øyturane våre.

Turboktrimmen – samarbeid med Folkehelsekoordinator i Flora Kommune. Oppgradering av stiar i Brandsøyåsen har og vore eit samarbeidsprosjekt med Flora Kommune. I tillegg har kommunen til rette lagt for svært gode parkeringstilhøve i Brandsøya for turfolket.

Vi har og eit godt samarbeid med Nordalsfjorden grendalag om stølsdag på Midtbøstølen samt Hovdendagane med Hovdvåg og Bareksta grendalag.

Samarbeid med Kinnaspelet og tur for BT, samt samarbeid med Kinn kyrkjeleg fellesråd vedrørande hytta på Kinn.

## **HYTTENE**

### **Grytdalsbu**

Vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver.

Tilsynsmann: ikkje oppnemt.

### **Blåbrebu**

Det er utført ein del vedlikehald etter vinteren då snøen hadde gjort litt skader på hytta.  
Tilsynsmenn: Stig Solheim.

### **Gjegnabu:**

Hytta hadde fått skader på pipa etter vinteren. Dette har og vert eit problem tidlegare. Det er planlagt ein forbetring av denne skaden, og arbeidet vert utført i 2016. Hytta er mellombels stengt pga skaden frå november 2015- ca mai 2016.

Tilsynsmenn: Martin Mettenes.

### **Kinn:**

Det er utført vanleg vedlikehald. I tillegg er alle madrassar skifta ut. Det er og satt inn nytt toalett på hytta. Tilsynsmann: Alfred Kvellestad.

### **HYTTEBESØK.**

		15	14	13	12	11		15	14	13*	12	11
<b>Grytdalsbu</b>	Overnatting	<b>21</b>	<b>15</b>	<b>17</b>	<b>5</b>		Dagsbesøk		<b>160</b>	<b>50</b>		
<b>Børabu</b>	Overnatting	**			-	-	Dagsbesøk				-	-
<b>Gjegnabu</b>	Overnatting	<b>123</b>	<b>166</b>	<b>122</b>	<b>105</b>	<b>83</b>	Dagsbesøk	<b>7</b>	<b>7</b>	<b>7</b>		<b>1</b>
<b>Blåbrebu</b>	Overnatting	**	<b>104</b>	<b>42</b>	<b>72</b>	<b>79</b>	Dagsbesøk		<b>14</b>	<b>30</b>	<b>3</b>	<b>3</b>
<b>Gamle Blåbrebu</b>	Overnatting				<b>5</b>	<b>3</b>	Dagsbesøk					
<b>Kinn</b>	Overnatting	**	<b>25</b>									
<b>Totalt</b>		<b>144</b>	<b>310</b>	<b>181</b>	<b>187</b>	<b>165</b>			<b>181</b>	<b>87</b>		

\*dagsbesøk er stipulerte tal.

\*\* vi har ikkje lukkst med og få inn protokollane for 2015.

### **NATURVERNARBEID:**

Flora har ein vakker og unik natur med gode mulegheiter både for fjellsport, lettare turar og kajakk anna aktivitet knytt til sjø og hav. Dette kan lett bli ei sovepute når det gjeld å ta vare på naturen. Dei seinare åra har vi hatt fleire saker der utbyggingsinteresser har utforda natur og friluftsinteresser. Vindturbinar på Guleslettene har det vore jobba imot i år og.

### **TURBOK:**

På årsmøte i 2012 vart det vedteke at Flora Turlag skal utarbeide ei turbok for Flora kommune. Det er etablert ei redaksjonsgruppe for prosjektet bestående av Signe Nordvik, Eivind Nordvik Hauge, Astrid B. Eliassen og Arnfrid Bergheim. Boka vert lansert vinteren 2016.

Florø kommune har sponsa prosjektet med kr 100.000. I tillegg har vi fått med 10 bedrifter i Flora som kvar har bidrige med 10.000 kvar, totalt 100.000 frå næringslivet.

### **DUGNAD**

Hyttene: om lag 300 timer

Turleiing/arrangement: om lag 1100 timer

Tysdags og onsdagsturar: om lag 600 timer

Møter og administrasjon: 500 timer

Bok og ut.no: 1000 timer

Varding/ merking/ oppgradering Brandsøyåsen: 1500 timer

## **TURLEIARAR**

Desse har autorisasjon som turleiarar:

Grad 3: Stig Solheim, Kjetil Tveranger og Kolbjørn Hovland.

Sommarturleiar (Grad 2): Dag Eliassen, Alvdis Solvang, Roger Bareksten, Terje Grøneng, Kjartan Kvellestad, Kari Nordvik Hauge, Eivind Nordvik Hauge, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen og Kolbjørn Nybø

Nærmiljøturleiar (Grad 1): Sissel Strømmen, Trygve Nybø, Nina Seljestokken, Ane Eliassen, Bente Årebrot, Merete Moe, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Helge Dale, Danckert Dankertsen, Anders Cassells, Arnt Hellevang, Hilde Charlotte Strømsnes, Janne Kristin Fristad, Marit Gjerstad, Sara Steine, Terje Heggheim, Oddvar Myhre, Siri Stavang, Idun Jansen, Siri Jansen, Monica Støyva, Anders Myklebust, Gunnar Furelid, Knut Hjermann, Oddgeir Hamn, Torbjørn Lysne og Eilif Bjerck, Arnfrid Bergheim

**Vi vil rette ei stor takk til alle dei som gjer ein uvurderleg dugnadsinnsats for turlaget!**

Siv Merete Stadheim  
Styreledar

Espen Skalle  
Styremedlem

Ane Eliassen  
Kasserar

Sara Marie Ytreøy  
Sekretær

Kjetil Tveranger  
Styremedlem

Knut Broberg  
Styremedlem

SAKSVEDLEGG

## Sak 7: Rekneskap for 2015.

## Sak 11: HANDLINGSPLAN FOR 2016

Styret har følgjande forslag til handlingsplan for 2016:

<b>2016</b>	<b>HANLINGSPLAN FOR FLORA TURLAG</b>		
<b>Hovudmål:</b>	Medlemmar og potensielle medlemmar		
<b>Flora Turlag mål:</b>	<b>Tiltak:</b>	<b>Ansvar:</b>	<b>Frist:</b>
700 medlemmar	5 medieomtalar		
	Ferdigstille merkeprosjekt		
Turprogram	Oppsett turar inkl møte for turledere		
Samarbeid turistkontor	Vidareutvikle samarbeide med turistinformasjonen.		
Turbøker	15 turbøker i kommunen		

<b>Hovudmål:</b>	<b>Tilbod.</b>		
<b>Flora Turlag mål:</b>	<b>Tiltak:</b>	<b>Ansvar:</b>	<b>Frist:</b>
Arrangere turar	Tirsdag- og onsdagsturar april-mai		
	Torsdagsturar på dagtid		
	Opptur for 8.kl		
	Helgeturar		
• BT	Arr kom deg ut dag, Midbøstølen, div helgearn.		
• Hav og fjellsport	Bre, kajakk og klatring. Bre/klatring på Gjegnabu.		
Hyttedrift	Rette opp skade på Gjegnabu og Blåbrebu. Vedlikehald på hyttene. Utfordre 2 personar som har eit ekstra ansvar for Kinn kvart halvår. Tydleg info om innbetaling / app innbetaling på alle hyttene,		
Dugnad	Stimerking; Blåbrebu Gjegnabu, Årebrot – Villevika, Grytdal og Brandsøyåsen.		
Kurs	Førstehjelpskurs Kart og kompass - GPS Fjellmedisinkurs Turledarkurs trinn 1		
Turboktrim	Organisere turboktrim saman med kommunen.		
Turledarar	Få fleire av dei som har kurs som turledere aktive som turledere.		

<b>Hovudmål:</b>	<b>Naturforvaltnig.</b>		
<b>Flora Turlag mål:</b>	<b>Tiltak:</b>	<b>Ansvar:</b>	<b>Frist:</b>
Vindturbiner på Guleslettene.	Følgje opp den saka med tilrettelegging for turfolket.		

Hovedmål:	Organisasjon:		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
Oversikt styre og aktivitetsgrupper	Ansvarspersoner på gruppenivå.		
5 styremøter.	Følgje handlingsplanen		
Samarbeid Sogn og Fj og DNT	Aktivt bidra til og utvikle organisasjonen DNT.		
Sponsorer	Søke på midlar til drift og prosjekt.		
Bundne midlar	Sjå på om formålet stemmer med dagens behov.		
Flora Turlag 40 år	Markering av jubileet.		

Hovedmål:	Kommunikasjon:		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
God informasjon -Medlemmar	Alle turane og aktivitane skal ligge på nettsida til Flora Turlag(Sherpa) Alle turar skal publiseras på våre FB sider.		
	Vekebrev til alle om aktivert til alle medlemmar (e-post (DNT lister))		
	Publisere turrapporter.		
Media	5 mediaomtaler om aktivert		
Samarbeidsparter	Delta på 4 møter med samarbeidsparter, t.d kommune, folkehelse osv.		
Sosial media	Systematisk marknadsføring på heimeside og FB.		
Turbok for Flora	Gi ut boka vinteren 2016		

## **Sak 12: TURFORSLAG 2016**

Sendt ut mail til turleiarane og lagt ut informasjon på heimesida om at ein ønskjer innspel på turar til neste års turprogram. Frist for innspel i første runde er satt til 15. desember 2015. Styret tek innspela med seg og set opp eit utkast til turprogram for 2016. Det vert arrangert turprogramkveld i januar 2016.

## **Sak 13: TURAVGIFT 2016**

Turavgift:      Heildagsturar:      medlemar: gratis      ikkje medlemar: kr. 100.00  
                  Tysdags og onsdagsturar:      inga avgift utover faktiske transportkostnadar

Barn under 15 år gratis

Transport 30,- til sjåfør ved felleskøyring.

## Sak 14: Budsjett 2016

<b>Inntekter</b>	<b>2016</b>
Medlemskontingent	200 000
Turavgifter	50 000
Overnatting hytter	40 000
Kurs	0
Tilskot	0
Annet	0
<b>Sum</b>	<b>290 000</b>
<b>Kostnader</b>	<b>2015</b>
Kostnader arr -Båttransport	65 000
Annonser	50 000
Hytter	75 000
Kurs	20 000
Merking	20 000
Møter/kurs/oppdateringer o.l	25 000
Annet	70 000
<b>Sum</b>	<b>325 000</b>
Renter	35 000
<b>Årsresultat</b>	<b>0</b>